



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstittutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Monacobreen



På ein av Nordvest-Spitsbergens tallause toppar, på veg til Monacobreen – som ligg i dalsøkket bak dei spisse tindane. Foto: Harald Dag Jølle

TUREN

Kjensla kjem att når eg tenker på denne store breen nord på Svalbard. Kjensla av eit bretau som strammar seg og ein kompis som forsvinn ned i snøen.

Me hadde vore lenge på tur. Me hadde gått rundt store delar av Nord-Spitsbergen. Hadde klive dei høgste fjella og gått på store innlandsfonner. Me hadde klatra opp bratte brefrontar og lista oss over tynn fjordis. Me vart tryggare og tryggare på elementa i polarheimen. Vêret hadde vore strålende; kald og klar polarluft hadde etter kvart klimatisert oss til ekte polfararar, tykte me.

Me hadde fått eit innblikk i Svalbards kulturhistorie. Hadde budd hjå fangstmenn og over-

natta i bistasjonane deira, slike små overnattingsbuer bygde for å kunne rå over eit stort område med revefeller og isbjørnsjølvskot. Me hadde sett dorsche selar som velta seg i aprilsola, og svære bamsar som rusla staseleg over isen.

Etter ein tur på Texas bar – som er langt frå ei skjenkestove, men ein fangststasjon i Liefdefjorden, bygd av Hilmar Nøis og Martin Pettersen i 1927 – starta me på siste etappe, inn mellom dei tallause nunatakane og endelause brearmane i Nordvest-Spitsbergen nasjonalpark – ein juvel mellom dei alpine fjellheimane i kongeriket.

Men vegen til Ny-Ålesund hadde eit hinder: Ein bre med

namn frå sørlegare breiddegradar. Monacobreen vart han kalla i 1934, sidan Prince Albert I hadde vore her i 1899, og den forskingsinteresserte fyrsten hadde betalt for utforskinga av området i 1906 og 1907, under Gunnar Isachsens leiing. Akkurat dette hadde for så vidt lite med at breen i 1990-åra var i såkalla *surges*, eit fenomen som glasiologane påstår det ikkje finst eit dekkjande norsk ord for, men som tyder at ein polar bre plutsleg strøymar av garde mot havet når snøtyngda i bakkant blir for stor. Men same kva ein kallar breframrykkinga; det er veldige krefter som er i sving. Om sumaren kan fronten rykkje fram fleire meter kvar dag.

Om vinteren, derimot, er alt

roleg. Men spora etter herjingane om sumaren var djupe. Me var klare over at breen var i rørsle, og hadde gjort våre førebuingar, snakka med erfarne fjellfolk og studert dei nyaste fargeflyfotografia hjå Norsk Polarinstittutt i Longyearbyen. Overtydd om at vegvalet var smart, knytte me oss inn i tauet øvst i Monacobreen.

Tåka kom sigande. Storleiken på bresprekkane voks. Men det beit ikkje på ungdomleg pågangsmot som følte det meistra landet med dei kalde kystane. Me kryssa snøbruer og vart sprekkfullt imponert over djupna som viste seg mellom isblokkane. Hadde eg på den tida kunna mi polarhistorie, hadde eg nok sitert Roald

Amundsens omtale av det «svinerie» han fann på Rossisen: «Di styggeste dannelser vi har funnet hær, ær store, svære hull, så store i vidde, at di jærne kunne huse Fram og meget med den.»

Det kan vere kort veg frå helt til tåpe. Og nokre gonger går det fort frå jøger meistringskjensle blir avløyst av redsle og kjensle av dumskap. Ein vårdag i 1995 tok det om lag like lang tid som det tok for ein kamerat å falle 15 meter ned i ein bresprekk.

Det hjelpte litt på sjølvkjensla at me berga den uheldige raskt opp av isen. Men berre litt. Det var fire skremde karar som rusla stille ut av Monacobreen – overtydde om at det måtte finnast ein annan veg til Ny-Ålesund.



NYTT UTSTYR

Kald på beina?

Det finst mykje der ute som skal hjelpe mot kalde fingrar og tær. Eg har lagt merke til at barne-skulelærarar no tek med handvarmarar når klassen skal ha utedag. Dette er små posar som blir varme når du bryt forseglinga, og stoffet inne i posen får luft. Det

blir mindre sutring hjå ungane når vottane er varme. Det gjeld òg på ekspedisjonar. Den finst tilsvarende varmeputer for bruk i skoa.

Eg har òg, med ei viss avundsjuke, lagt merke til at fleire og fleire i alpinbakkane har fått seg

varmesolar i slålåmskorne. Men om du frys på beina og har god råd, kan du no òg få sokkar med varmekablar, som du kan bruke i alle typar skor. Lenz Heat Sock er ifylgje turutstyrseljaren ei genial løysing. Litiumbatteriet, ladd med USB, festar du øvst på sok-

kane, som kjem i tre storleikar og kan vaskast på 30 grader. Varmen skal ifylgje reklamen vare i opptil 14 timar. Sokkane med batteripakke kostar totalt 2499 kroner, men då kan du – om du lurde – justere varmen på beina trådløst via mobiltelefonen din.

Leonhard Seppala 1877–1967

BIOGRAFIEN

Han kom frå Skibotn og vart verdas mest kjende hundekøyrar. Namnet *Seppala*, som tyder smed, kjem frå Finland. Det same gjorde besteforeldra til Leonhard, som voks opp i eit finsktalande, eller kvensk, miljø i Nord-Troms.

I 1899 kom gullgravaren Jafet Lindeberg heim til Kvænangen med lommene fulle av gullklumpar og dollars. Det imponerte dei lokale gutane såpass at Seppala reiste til Nome i Alaska året etter.

Der borte vart han lagd merke til for skikunna si, men etter kort tid vart det hundekøyring han interesserte seg mest for. Først brukte han bikkjene i samband med gullgravinga, deretter starta han å køyre konkurransar – og vann i løpet av ein femten-tjuerårsperiode ei rekkje singlar over heile Nord-Amerika. Det er likevel eitt race han blir hugsa best for. Og då hadde han ikkje startnummer på brystet. Vinteren

1925–26 var det eit difteriutbrot i Nome. Eit livbergande serum vart sendt med jernbane til Nenana, om lag 1200 kilometer aust for Nome. Herifrå starta ein stafett – med livet som innsats. Seppala køyrde den desidert lengste etappen, 525 kilometer i eit forrykande vēr. Han overlét serumet til Gunnar Kaasen frå Kvænangen, som køyrde inn til Nome og hindra ein katastrofal epidemi.

Leonhard Seppala vart i år 2000 kåra til hundreårets hundekøyrar av det internasjonale hundekøyrarforbundet. Han er òg hugsa for det systematiske avlsarbeidet sitt og får æra for å ha forma hunderasen sibirsk husky. Den mest kjende førarhunden hans heitte «Balto» – og han står i dag på sokkel i Central Park i New York. Då Seppala døydde i 1967, vart oska hans strødd i løypesporet i hundetevlinga Iditarod.



SITATET

«Jeg burde kanskje som polarfarer ikke medgi det, men frøs gjorde jeg nu allikevel.»

Roald Amundsen
i Nordvestpassasjen
1907



Bistasjonen «Byssa» i Kaldbukta, bygd av Johan Hagerup i 1898. Foto: Norsk Polarinstitutt

Fangsthytter på Svalbard 1794–2015

NY LITTERATUR

Boka er stor og uhandterleg, men så er ho heller ikkje laga for å lesast på senga. Ho er neppe heller skriven med tanke på permittil-perm-lesaren. Per Kyrre Reymert og Oddleif Moen har derimot laga eit kulturhistorisk fundament når dei har samla kunnskap om i alt 317 hytter og

bygg som har vore brukte i overvintringsfangsten på Svalbard frå 1794–2015. Gjennom bilete og leksikalske oppslag kan du bla deg frå stad til stad på øygruppa og la deg imponere av kor mange plassar, på få kvadratmeter, folk har vore viljuge til å satse på eit liv i villmarka.



GAMALT UTSTYR

Solbriller

Korleis unngå å bli snøblind? Arktiske urfolk hadde utvikla ei brille som sleppte minimalt med ljøs inn. Før tidsalderen til fargeglasbrilla var det fleire polfararar som kopierte den på veg ut i isen. Og dei fekk røyne at ho fungerte. Ho hadde til og med sine openberre fordelar, vedgjekk Fridtjof Nansen, sidan ho ikkje dogga slik glasbriller fort gjer. Men samstundes fekk du temmeleg snevert utsyn. Og for ein skilau-par, fekk Nansen oppleve på veg over Grønland, var det ei openberr ulempe å ikkje sjå bakken under deg.

Sjølvpålagde lidingar i grisgrendte strok

Dagboksnotat frå ein skitur til Sørpolen:

Eigentleg var det litt morosamt – «tilfredsstillande» er kanskje eit betre ord – å sjå korleis me no takla storm og uvær. Hadde me fått eit slikt vēr tre veker tidlegare, ville me ganske sikkert opplevt det som ufor-svarleg å leggje i veg. No snørde me att jerveskinnet, krumma nakken og tok kampen. I eit lite sekund, midt i bakkefokka, slo det meg at det er dette det heile handlar om: meistringsgleda. Det å våge, det å tore å prøve og det å flytte nokre grenser. «En må våge og kan ikke la seg skremme av farer», sa Fridtjof Nansen. «Ingen ting verd å ha i livet nås noensinde uten å våge.»

Då eg kom heim og googla «mestringsgleda», var kurset «Mestringsgleda i eldreomsorga» det fyrste som kom opp. Nettopp! Eg skal tipsa dei om Sørpolen.

STEIN P. AASHEIM

